Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvam

Emne: Folkemedisin

Bygdelag: Øystese

Oppskr. av: Jakob H. Vik

Gard: Vik

(adresse): Øystese

G.nr. 42 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja sovorne eg har

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
høurt av foreldre mine og godfar 1826–1930

SVAR

## 1 Husråd–Kjerringråd:

1 Ja, det har skift mykje.

2 Dei visste om smittsame sjukdomar og dei hadde ogso namn på nokre får sjukdomar som herja millom folket
Det å tyggja på brakabær (einebær) var ei gomal kjend råd mot smittesjukdomar og andre sjukdomar.

3 Som regel hadde kvar mann ei flaska brennevin ståande i ei kista eller i eit kroskåp.
Dei hadde ei sterk tru på brennevin til medisin. Dei fleste hadde berre brennevinet.
Men so var det eindel personar som var klokare og som folk fydde til i sjukdomstilfelle.
Dei hadde eindel medisin på lager.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16071

Dei samla eindel planter, røter
ol brakebær um summaren, turka
det og hadde desse urter og røter
på lager til å koma vel fram.
Vidare kjøpte dei eindel medisin
på apoteki i Bergen, som dei agso
hadde på lager. Der var 2 gamle
gode apotek: Svaneapoteket og
Löveapoteket som dei sa.

4

Det var kvaksalvarar som
hadde største lager av medisin
og på 1850 fekk bygdi vår den
fyrste jordmor som vart utlærd
i Kristiania og ho hadde noko
medisin i skrinet sitt.
Presten hadde truleg litt medisin
i huset, endå og ikkji her haurt
noko sers om det.

5

Folk fekk kjøpa eller låna medisin
hjå kvaksalvararne. Og desse
vart ofte henta lange vegar til
sjuke folk. Fyr 1850 var det
berre ein lækjar i heile Hardanger
og då nr 2 kom, budde han i
Strandebarm, ner 3 gamle mil
uti fjorden.
Til Kvam kom det fyrst ein privat-
lækjar i 1883. Det var Østensø Sogne-
selskap som tok opp arbeidet for det
og samla inn pengar til eit årlegt
tilskot dei fyrste åri.
Fyr den tid var det stort sett berre ved
smittsame sjukdomar at distrikt-
lækjaren vart henta. og når det
var folk med god råd, som vart
hardt sjuke.

16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7 Kva "trak" vart brukt til kjennen
og ikkje til.

8 "Djevelsdrikk" har eg høyrt nemnt
men ikkje kva han var laga av
eller korleis han såg ut. I sjå s 16

9 Var det fjellplanter som skulle
samlast inn so var det budeiene
på stølane som samla dei inn
og turka dei. T.d. Gravlamase
Søterot. Kvanne o.l.
Var det planter som vaks heime
so var det vel dei større born som
samla lækjesblokker (Grobeordskjerup)
Kjerringrokk, einebær, lusagras
o.l. Alle slike planter skulle
turkast i skugge, ofte på stabburs-
loftet. Der var like glad og turt.

10 Etterpå vart dei gøymde i posar
krukke o.l i kister

11 Ja. Det veit eg ikkje, men
eg veit at både "Raphaugen"
og han "Laok-Ola" båe flenka
kvaksalvarar kjøpte ein heil
del medisin frå apoteket i Bergen

12 Ja, kramkarar selde på
ymse medisin fram til ikring
år 1900.

13 Det var vel oppskrifter, men eg
har ikkje høyrt gjete det.

14 Ja kvaksalvaranne hadde doktar-
bøker.

16?71

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Men eg har ikkje fenge tak i slikt, endå eg har spurt etter dei ymse stader

15.

Han Gofar 1826–1930 fortalde at det var ikkje so mange sjukdomar folk hadde i hans unge dagar.

Det var „Soltd" Nervefeber som var verst. Den kom att kvar vinter på dei same staderne. Truleg avdi det ikkje var desinfisert skikkeleg. So var det „Lungebetendelse". Der var „Kopkoppar" ein bra kraksalvar og hjelpte mange.

„Henglesykje" truleg Tuberkulose. Der dreikk dei tjørelag som medisin fortalde han.

„Gusykje". (Diarré) Det var „brennevin beste lyv. (medisin)

„Skarlaksfeber og Difteri"ˣ var smittsame sjukdomar og då måtte dei varsla destriktslækjaren

„Koldo" var ein sjukdom han nemnde, men eg minnest ikkje korleis den var.

„Dariadrev" var ein utslettsjukdom som kallast „Helvedes eld" no.

ˣ Difteri kallast for „Strupehoste" og dei rekna den svært smittsam og det var svært stor døds %.

16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# A. Lækjarane

16

Ja kår deler.

17

Nei det var so ymse. Det var dei som hadde gaunad, anlegg og interesse for soviri.

18

Har ikkje høurt om slike i Kvam

19

Ja oftaste det.

20

Nei ikkje som eg kjenner til

21

Folk trudde det var medfødde evner

22

Ja stundom. Han Laukj-Ola (Ola N Byrkjeland 1809–1860) kom til skade i vårsildfisket i unge år då han var med og rodda eit kåtlag. Det sette seg verk i eine kneet. Han kom på sjukehus og vart liggjande der i mange månader. Då vart han interessert i lækjarane sitt arbeid. Kjøpte seg doktarbøker, såg og høurde etter kva lækjarane sa. Spurde seg fyre. Då han vart utskriven var eine kneet stivt og krokut. Han gjekk på ein fot og med stavar.
Det var 3 mil til næraste lækjar og difor sende auka søknaden til han Laokj-Ola som dei sa. Han var husmann, men fødde hest, so han reid ikring i bygdi når han vart henta. Dei rodde og so etter han like frå

16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hesthammar i Kinsarvik og til
Mundheim og Hålandsdalen.
Han fekk kjøpa medisin på hovedapo-
teket i Bergen. Kona samla urter
og planter som dei koka medisin av
Kona var uvanleg flink. Det var
ofte dei hadde sjuke leggjande der og
kona stelte dei.
Det var gruvedrift i Ofjarhavn på N.Ø.
enden av Varaldsøy. Ved ei skyteulukk-
kar kom ein arbeidar svært helskadd.
Dei bar mannen ned i ein båt og sterke
karar sprengrodde til Vikøylandet
og bar mannen opptil Bjørkeland.
Då dei fekk kledi av var mannen
svært skamfaren, men hendene var
gode. Ei storetå var heilt krasa. Han
Ola fann ein stabbe, eit haggjarn og
klubba. Arbeidaren bad om å få
slå med klubba sjølv. Ola heldt jarnet.
Arbeidaren slo so til å tåi spratt oppi
taket. Dei vaska, tok mange stynggjer
og fekk mannen. Ho Anna tok
stynggjene. Ho sa sidan ho hadde
aldri teke so mange stynggje i
eit klesplagg som i denne mannen.
Han låg der i mange veker, men
vart frisk att. Han godfar 1826-1930
fortalde om ei kona som hadde ein utvekst
på magen. Han Ola skar den vekk og
såret grodde godt att.
Han Ola var husmann, dreiv med
dreiing og hadde lækjaryrket som
eit godt attåtyrkje. Sonen
kjøpte plassen som no er ein medels
gard

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16071

22 framhald 

Gyrmund Raphaug -, Raphaugen
1822 – 1893 var heismann, murar
og skomakar. Han var ein roleg koselig
forteljar. Han var ein klok mann.
Kjøpte bøker og las. Serleg doktarbøker
Folk tok til å søkja han og fekk
hjelp. Eit lite kammers i enden av
stova var skomakarverkstad. Der
hadde han eit skåp på veggen med medi-
siner i. Han kjøpte ogso medisenne frå
Løveapoteket i Bergen. Når han
reiste til Bergen hadde han med seg
eit stort skrin som han kjøpte fullt med
medisin.

Han var flink med beinbrot og
og ymse andre sjukdomar. Hadde so
makelaust lag til å präta med dei
sjuke og trøysta dei. Det var vel den
beste hjelpi. Ein gong hadde ein gut
hogge mest av tummelsfingen. Han
hekk etter skinnet. Raphaugen sette
fingen på plass. spelka og batt til og
fingen grodde ihop.
Han hadde ei taska av ler som han
bar på oksli når han var ute i
bygdi til sjuke.

I 1883 kom den fyrste provinsialdoktar
til bygdi og då minka søknaden.
Men fyrste året hadde Dr. Bruun
514 pasientar og eg 468, sa Raphaugen men
sidan minka det fort.
Raphaugen tok som regel ikkje på
seg anna sorve som han
skunde greia eller skyna seg
litegrand på.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16071

23
Nei, berre som altåtgjekkji

24
Nei, men dei var sovt remmelege på takstann. Men dei tok betal for arbeidet og for medisinen

25
Nei. har ikkje haurt om det. Men Dr. Kinch i Strandebarm spurde eingong ein mann på Bjørkjeland om Laokj-Ola og etter at han f var ferdig med spursmåli sa Kinch at Laokj-Ola hadde vori ein god mann.

26
Ikkje før etter det kom skikkelege lækjarar.

27
Nei.

28
Det var ikkje aktuelt, då ingen vart meld til politiet.

## B. Lækjeråd og lækjekurar.

29
Det kan eg ikkje svara på ordi det ikkje lever att folk som har sett desse. Men dei hadde no Alun, som dei varma opp og nytta til å brenna vekk vorkjøt i sår. Terpentin. Brennevin. Brakabode Søterot. Turka brennenat Grabladkjempe og svinafett og rjome laga dei til salve osb

30
Ja dei samla planter ot sjølv og ekkemakar og born

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16071

31 Som nemnt før so turka dei alle planter i skuggen. Visse planter laut samlast fyr jonsokk (24-6) osb Etterpå gøymde dei plantena i posar krukker og lekjeraåd og so i skåp og kister. Skåpi var mei for ferdige medesiner

32
Dei kjøpte medisen på apotek.

33
Veit ikkje det.

34
Dei hadde sikkert oppskrifter på bøker o l

35
Har ikkje haurt om det.

36
Ukjennt

37
Ja brennevin var nytta. Det hadde dei sodd trû på

38
Ja det var einskilde som hadde ord på seg å vera gode med sår sjølv om dei ikkje dreiv som kvaksalvarar.
Eigi opplevning. I 1899 trur eg det var, so var Gofar 1826 - 1930 og eg ute, Stoena oppå Jødlena og borka. Eg skulde kvista ei bjørk. Øksi gleid og kom nedi leggen på høgre foten og laga ei skurra omlag 8-9 cm lang. (Eg har arret endå): Han gofar hadde alltid på seg ei skinnsøyme med kvit sterk lintråd på innsida av vesten. Eg ropa på han. Det var stort sår

16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Eg hevdt såret skop. Han Godfar
tok 3-4 Styngjo i såret. So
gjekk eg heim 2-3 Km. og la meg.
Låg i 5-6 dagar. Då kom eldre eldste
mann til garde 1848-1829. Han gjekk
med sürbeinsfat - ope sår-) og hadde
studert mykje bøker om sår.
Han såg på fotun. Det er villkjøt i
detta. Har de alun?. Ja ho Mor fann
det. Han skar opp noko hadde det på
ein breid kniv e l og brende det sjølv.
Hadde det på den enden av såret
som ikkje var heilt. 2-3 dagar
etter var såret heilt attgrodd.

39 Dei hadde knivar, bildar, tenger
til å trekkja tenner med o l

40 Knivar og Bildar var laga av
bygdesmidar. Tenger var vel
kjøpte i Bergen.

41 Nei

42 Det var som regel Iglakjerringar
som tok blod.

43 Dei hadde iglar som dei fanga
inni tjørni på Storenggraven.
So hadde dei iglane i ei
tunna med tunne sildalake
i.

44 Har ikkje høyrt om detta.
Dei fann seg iglar i igletjørner

16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

45 Har ikkje høyrt noko om det.

46 Raphaugen var flink å lækja beinbrot, spjelka dei godt, slik at dei grodde godt ihopatt.

47 Som regel i eit skåp som hekk på veggen i eit rom – ikkje i stova.

48 Raphaugen hadde ei lertaska eller lerskreppa som han bar på aksli, når han var ute i lækjarærend. Sidan han var skomakar, hadde han nok laga skreppa sjølv, med fatlar til å hava ho på aksli eller ryggen.

## C Lækjarbøker

49 Ja, båe bygdelækjarane eg har nemnt, hadde doktarbøker

50 Då eg ikkje har fenge tak i desse bøkene og ingen eg har spurt har greia på dei so veit det uråd å svara noko av eige
51 røynsla. Men eg kan visa til Sokneprest O Olafsen sitt stykke i Hardanger Historielag sitt årsskrift for 1924 side 30. Han har frå ei handskriva doktarbok – avskrift skrive om lækjemidlar for 65 sjukdomar.

16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det er J. F. Munthe som har skrive denne boki, men ingen veit kva person det var.
Eg kan truleg få tak i dette avskriftet om De ikkje har det før.

51 Ikkje av dei eg kjenner til

52 Alt breitt

53

Den handskrivne boki som sokneprest Olafsen nemner er vel truleg på Bergens Museum no Universitetet i Bergen, då alle hans papirer og bøker og manuskript vart overdrege til det.

Sluttord:

Etter at svaret var skrive fann eg eit brev, eller rettare eindel av eit brev som ho Mor hadde fenge ikring 1940 frå ei kona på Rosseland. Kona var barnefødd i Vik.
Ho nemner der ei eldre gjenta som hadde budd på Rosseland og som hadde vore so flink å samla planter, turka dei og laga ymse lækjemidlar. Ho heitte Torbjørg Nceten 1839–1933. Men mor hennar Kristi L. Rosseland Nceten 1812–1883 var mykje flinkare.
Ho samla eia mengd planter og laga medisin. Ho hadde „bled" og toppa blod. På neste blad skal eg skriva meir opplysningar som eg vil få tak i.



16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Gjenom Mikjell T. Steine f. 1879 og Ola O. Steine f. 1870 har eg fenge nedanmemnde opplysningar om 3 kvaksalvarar av same slekt.

1 Svein Arneson Rosseland 1763 – 1845 var utanom det vanlege.
Han var „synsk". Kunde stemma blod og var kvaksalvar.
Skal her fortelja etter dei 2 mann eg nemnde noko teng.

% Ein mann på Neteland hadde skamhogge seg og blødde sterkt. Ein mann tok på sprang til Rosseland til Svein. Han var mest sprengd, då han møtte Svein og det tok tid før han vann segja ærendet sitt. Svein måtte skunda seg å koma; det stod om livet. Svein tok det med ro og sa: Eg treng ikkje vera med, blodet er stagga. Då mannen kom heimatt so var det rett. Blodet stagga då han kom til Svein

% Ein vårdag skulde Rosselandsbønderne til kindslaup. Dei hadde lagt klær og skulde til å reisa. Då kjem Svein og segjer til dei andre: „De får reisa eg får anna å gjera". Han lagde klær og reiste til skogs. Der hadde 2 kyr gjenge ut på ei skrovi snjofonn og dotte neti og stod heilt faste i ein bekk.

% Ei onnor gong var det ein mann som hadde vore til skogs og misst noko verdfullt, truleg ei setlabok.

16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Mannen gjekk attende, men fann ikkje det han hadde misst. So gjekk han til Svein. Svein sa. No skal du fortelja nøgje korleis du "gjekk". Det gjorde mannen. Då mannen var komen omlag halvegs på turen sa Svein: „Er du viss på at du gjekk so?" „Ja" svara han: „Nei" sa Svein „Du gjekk bakom ein brake og buksa deg. Du for leita der".
Og der fann mannen att det han hadde misst.

%. Mellom dei lækjemidlar han brukte var oska av ei åme, som han samla i „Flotabrekko." n v for Stemdalsfossen. Han brende åmena og samla osko av disse og nytta det i medisin. Men ingen veit no korleis han nytta medisinen.
Han vart kalla „Trodl-Svein"

Kristi Larsdotter Rosseland

1812–1883. I 1856 leggsla ho Nolten og leggde stova der. Ho var budeia på Stålam om sumrane, og hadde ellest ymse arbeid. Ei svært god attåkinnkoma var doktering.
Ho samla planter i fjelli om sumaren og laga medisin. Ho var sjølvstendig og visste kva ho ville. I 1839 fekk ho ei datter på laust. Noko år etter kom barnefaren og ville beda seg heimatt og gifta seg med Kristi. Då sa ho nei. Var tho ikkje god nok den tid ho skulde gift seg so fekk det vera no. Dette hev dotteri Torbjørg fortalt til Mikjel T. Stemme
† 1879.

16971
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kristi hadde stor søknad. Ho hadde medisin for folk og fe og var ei klok kvinna.

Dotteri Torbjørg 1839 - 1933

dreiv også som kvaksalvar i yngre år. Ho hadde lært av mori. Ho vart gift ved 26 år gamal og fekk 10 born. Torbjørg dreiv og koppa blod og tappa blod med iglar.
Ho var ei uvanleg klok og praktisk kvinna med godt humør. Då lækjaren såg til henne på slutten - ho var over 90 år - sa han at det var svært sjeldan å røka på eit menneskje som hadde so unge muskulatur som Torbjørg.
Ikring 1900 reiste Ola O Steine f. 1870 til Torbjørg Naeten for „Damadrid" eller Helvedes eld. Det fyrste ho gjorde var å stryka lint med lår kvender dei sjuke stader. Ho masserte mjukt og godt. So tok ho ei x) „torelo" og strauk att og fram på same måten. Deretter tok ho noko av eit skinn so stort som ei stor flat hand. Dette kvedt ho burti logen av eit ljos slik at Ola laut anda inn røyken som kom på brenningi. Då røykkunnen var slutt so tok ho til å massera att og samstundes mulla ho noko med munnen. Han skyna det ikkje fyrst men på slutten fekk han tak i ordi som var frå dei Apokryfiske bøkeri i Bibelen. So slutta ho med desse ordi: „Sovist som det hjelpte han, so skal det hjelpa deg." Han visste ikkje kva skinn det var. Kona til Ola vart

x) sjå s 16

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16071

so låttmidd. ho laut gå ut og le,
men Torbjørg var svært alvårleg.
Ei onnor gong vart Ola Koppa
av Torbjørg. Han hadde slik svår
verk under bringebeinet. Etter
Koppen var teken, sikk tok ho ein
kniv og selte hol på skinnet
innanfor der koppen hadde stade på.
Deretter fykte ho ut alt bladet som
var samla der. Om nokre
dagar var han lesa att, men det
blødde ikkje so like dei par fyrste
dagane. Ola lever enda vert 91
år no til våren.
Ei gamall råd mot smittsame blodsmittar var å samla all
ureinska frå svullane å grava det
ned under eit tre, eller og bora eit
hol i stamma nidmed rotti og stoppa
ureinska nedi holet.

I „Dyvelsdrikk": Har høyrt det var
brennevin blesett med pepar.

Rokabrekko i Gjesdal 6-1-1961
Jakob H. Vik.

X) „Torelo" ein kvit stein omlag
so stor som eit trasteegg.
Dei trudde den datt ned på
jordi då tora slo—

16071

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING